

## Referat FAU-møte

**Torsdag 24. september 2015, kl. 18.00 – 20.15**

### Sak 1/15-16 Innkallinga

Ingen merknad til innkallinga. Dei fleste hadde mottatt den på e-post.

### Sak 2/15-16 FAU

Leder FAU Margareth orienterte om status og kva som har vært fokus for FAU i året som har vært.

### Sak 3/15-16 Val av nytt FAU

- Leiar: Benedicte R. Rikstad, 1.klasse.
- Nestleiar: Gunnveig Spurkeland, 3.klasse.
- Kasserar: Jarle Monstad, 5.klasse.
- Skrivar: Monika Bøkevoll Aarland, 4.klasse.

### Sak 4/15-16 Skulemiljøutvalet

Rektor Anne Wergeland informerte om skulemiljøutvalet.

Det ble ytret ønske om at det bør være eit her på skulen.

- Skulemiljøutvalet består av skuleledelsen, FAU, elevar og tilsette
- Tar fatt i fysiske forhold, psykiske forhold, klassemiljø, handlingsplan
- Blir kjent med regelverket
- Målsetjing: Eit godt samarbeid om å utvikle ein god skule.
- Oppretting av dette vurderas, og blir tatt opp igjen på neste FAU-møte

### Sak 5/15-16 Møteplan for FAU 2015/2016

- Det vart vedteke at ein kallar inn begge klassekontaktane til alle møta, for å få kontinuitet.
- 2 møter haust, og 2 møter vår.  
(utanom dette, som var eit oppstartsmøte).
- Ønske om at nokre lærarar deltek på eit møte ang juleavslutninga. Dette for å unngå kollisjon i planlegginga.
- Scene til avslutninga i amfiet, vert teke opp på neste møte.

### Sak 6/15-16 Trafikksikker kommune

- Landsomfattande prosjekt.
- Samtale kring trygg skuleveg på Seim.
- Ha ein holdningsskapande kampanje i forhold til bilkøyringa på Seim.
- Lage felles skriv ang dei ulike skulevegane på Seim med tanke på manglande sikkerhet og peke på viktige tiltak for å betre dette. Få satt fokus på dette i nærområdet, og stille politikarane til ansvar for manglande oppfølging.
- Fremme fortau.
- Invitere politiet ofte til å ha kontrollar i nærområdet.
- Få verneombodet på skulen og kommunen til å foreta ei risikovurdering ang rundkøyring, parkeringsplass etc. i tida skulestart/-slutt.
- Parkering vart tatt opp;
  - Ok å sleppe av barn i rundkøyringa når bussen ikkje er der,
  - Ikkje ok å parkere i rundkøyringa eller andre steder enn parkeringa
  - Tilsette skal parkere inst, så plass til foreldre yttarst
  - Få opp skilt om å rygge inn når man parkerer

**Forts Trafikksikker Kommune**

- Torgeir (= kven er dette?) som skulle informere om Trafikksikker kommune kunne ikkje komme, men blir med på neste møte.
- Forslag om å invitere Rune Kilen, avdelingsleder, Avdeling for Veg, Lindås kommune til neste møte for å snakke om tryggare skuleveg.
- Utreie over ståande punkt vidare på neste møte

**Sak 7/15-16 Korpset**

Seim skulekorps vart starta av FAU i 1972, men er no «sovande».

Det som er att, er litt instrument, notar og gamle uniformer.

Vil FAU starte opp igjen korpset, eller leggje det ned?

For å leggje ned trengs eit ekstraordinært styremøte/årsmøte.

- Forslag om å starte opp eit «grunnkorps» her, der dei får grunnopplæring for så å bli overført til Knarvik når dei blir eldre evt.
- Geir Hindenes og Laila Rydland sit i det «sovande» styret. Snakke med dei om det er interesse for å få dette til.

**Sak 8/15-16 Økonomi**

Ønske om revisorordning i styret, dvs:

- To som skriv under på rekneskapet i slutten av skuleåret.
- Vidare blir årsrekneskapet for framtida lagt frem for FAU

**Sak 9/15-16 Eventuelt**

- Har rektor noko ho vil at FAU skal jobbe med?  
Respons: Ho er oppteke av samarbeid, og kva forventningar har foreldra?
- SFO: Sjå på muligheita for å få 11 månaders tilbod.  
Alternativet no er å søkje borna inn i Alversund eller Knarvik SFO i feriar.  
Ønske om at klassekontaktane skal utføre ei undersøking i sin klasse (blant foreldra), om kven som kan være interessert i SFO 11 månader.  
Om nok interesse; sende felles tilråding til kommunen?
- Utlån av skulen i forbindelse med bursdagsfeiring:  
I utgangspunktet har det nå vært nei, men ein ser sjølv sagt på spesielle hensyn.  
Blir bursdagar ofte kjønnsdelt fordi det er for store klasser å ha heime for mange?  
*Om ønske om endra praksis:*  
Takas opp i FAU, og utarbeidas retningslinjer.  
Få klarsignal frå kommunen i forhold til å ha tilsynsvaktordning, slik at ein har en eigen tilsynsvakt under besøket/tilstellinga. Lage kontrakt m klare retningslinjer, og ta betalt/depositum på førehand.  
Ønske om at man bare skal tillate å bruke amfi eller gymsal, med eigen inngang.
- Kurs med Barnevakten.  
Skulle vært i fjor. Hentar de inn i løpet av året.

Referent: Monika Bøkevoll Aarland / Benedicte R. Rikstad